



Hardanger Seafood

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sissel Storebø, 5557 2317

Vedtak om endring av løyve til verksemd etter forureiningslova - Hardanger Seafood AS

Statsforvaltaren i Vestland har oppdatert Hardanger Seafood AS sitt løyve frå 6. oktober 2022 med nye krav til forureining frå slakting og foredling av fisk på inntil 54 000 tonn ferdig produkt per år, jf. produksjonsramma i løyvet.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16, og endra med heimel i forureiningslova § 18, fjerde ledd. Unntak frå dei bindande utsleppsgrensene (BAT-AEL) er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 36-15, fjerde ledd. Verksemda får mellombels unntak frå BAT-AEL i 4 år, frå dags dato til og med 31.12.2029.

Vilkåra i løyvet er oppdaterte i samsvar med generelle krav til forureinande verksemd i kappittel 36A i forureiningsforskrifta og dagens standard elles.

Verksemda skal betale eit gebyr til statskassa for arbeidet med endring av løyve på 94 600 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Vi viser til søknad datert 27. november 2025 om tidsavgrensa dispensasjon frå utsleppskrav etter industriutsleppsdirektivet, og til opplysningar om vurdering av BAT-konklusjonar i samband med planlagd oppdatering av verksemda sitt løyve til forureining etter forureiningslova og til andre relevante dokumenta i saka. Vi viser også til løyve etter forureiningslova til verksemda datert 6. oktober 2022.

Saka vart sendt til Miljødirektoratet i brev av 7. mars 2025 for samråd om unntak frå dei bindande utsleppsgrensene for BAT-AEL. Miljødirektoratet gav i brev av 22. mai 2025 medhald på samråd om unntak frå BAT-AEL.



Vedtak

Statsforvaltaren endrar Hardanger Seafood AS sitt løyve etter forureiningslova i samsvar med nye utsleppskrav som følgje av at Hardanger Seafood AS er omfatta av EU sitt industriutsleppsdirktiv (IED), med tilhøyrande BAT-konklusjonar med bindande utsleppsgrenser (BAT-AEL).

Produksjonsramma er 54 000 tonn ferdig produkt per år (200 tonn per dag). Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og revidert med heimel i forureiningslova § 18, fjerde ledd.

Verksemda får mellombels unntak frå BAT-AEL i 4 år, frå dags dato til og med 31.12.2029, jf. forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd. Samstundes med å gi unntak for BAT-AEL har vi også endra vilkåra i samsvar med endringar i regelverket og dagens standard elles for løyve.

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve gitt til Hardanger Seafood AS datert 6. oktober 2022. Det oppdaterte løyve med krav og vilkår ligg vedlagt og gjeld frå **21.05.2026**.

Fristar

Det endra løyvet inneheld følgjande krav med spesifikke fristar sette i løyvet:

Tiltak	Frist	Referanse til vilkår
Etablere system for energileiing	31.12.2026	8.1
Rapportering til Statsforvaltaren via Altinn	01.03 kvart år	11.5 og 14.1
Overvake resipient etter vassforskrifta. Utarbeide utkast til overvakingsprogram.	kvart 4. år 01.12.2026.	11.1
Utarbeide ein tiltaksplan	01.12.2026	14.1
Utarbeide/revidere program for utsleppskontroll (måleprogram)	01.06.2026	14.2
Tilstandsrapport forureina grunn og grunnvatn trinn 1-3	31.12.2026	14.3
Utgreiing om korresponderande verdiar for KOF-TOC	01.03.2027	14.4

Vedtak om gebyr

Hardanger Seafood AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Vi vil fastsetje eit gebyr etter sats 5, som utgjer 94 600. Vedtaket om gebyr vil bli heimla i forureiningsforskrifta § 39-4.

Kort om bakgrunnen for saka

Hardanger Seafood AS har eit løyve etter forureiningslova datert 6. oktober 2022. Aktiviteten ved anlegget er slakting og vidareforedling av oppdrettsfisk (laks og aure).

I samband med verksemda si BAT-utgreiing er det konkludert med at dagens utsleppsgrenser ikkje er i tråd med dei bindande BAT-AEL-krava i FDM-BREF-en. På bakgrunn av dette sende Hardanger Seafood AS 27. november 2025 inn søknad om mellombels unntak frå desse krava. Føremålet med søknaden er å få tilstrekkeleg tid til å gjennomføre nødvendige reinsetiltak for å kunne etterleve krava på sikt. Søknaden har vore til samråd med Miljødirektoratet, og vi har no fått tilbakemelding til å kunne gi unntak i ein avgrensa tidsperiode.



Saksgang

Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova. Endringane i løyve er av mindre miljømessig betydning, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd punkt b). Saka er difor ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

Rettslege utgangspunkt Forureiningslova

Forureiningslova § 18 fjerde ledd gir høve til å endre løyvet når det er krav om dette etter reglar som gjennomfører IED (direktiv 2010/75/EU).

Forureiningsforskrifta kapittel 36 og 36A

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett, mellom anna i forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal syte for at verksemder med løyve til forureinande aktivitetar, og som er omfatta av IED, nyttar beste tilgjengelege teknikkar (BAT) knytte til den aktuelle bransjen og at dei som eit minimum stettar tilhøyrande utsleppsgrenser (BAT-AEL).

Unntak frå BAT-AEL

Etter § 36-15 fjerde ledd kan Statsforvaltaren i særlege tilfelle og etter samråd med Miljødirektoratet, gjere tidsavgrensa unntak frå § 36-15 første ledd og setje mindre strenge utsleppsgrenser. Det kan berre gjerast unntak der utsleppsgrensene, som er sette i samsvar med første ledd, med bakgrunn i geografisk plassering og lokale miljøtilhøve, eller tekniske tilhøve ved anlegget vil føre til urimeleg store kostnader samanlikna med miljøfordelen.

Forureiningsforskrifta kapittel 36A

Generelle vilkår som tidlegare var nedfelte i løyvedokumentet, er frå 1. januar 2025 samla i forureiningsforskrifta kapittel 36A (Industriforskrifta)¹.

Om unntak frå BAT-AEL grenseverdiar for utslepp til vatn

EU sitt Industriutsleppsdirektiv (IED) er implementert i norsk rett gjennom mellom anna kapittel 36 i forureiningsforskrifta. Verksemder som er omfatta av direktivet skal regulerast med utgangspunkt i kva som vert sett på som dei beste tilgjengelege teknikkane (BAT) for bransjen for å avgrense forureining. Det er utarbeidd BAT-referansedokument (BREF) som omtalar desse teknikkane og tilhøyrande BAT-konklusjonar med forpliktande utsleppsnivå (*BAT Associated Emission Limit, BAT-AEL*).

Forureiningsstyresmakta skal sikre at vilkår i løyva til verksemdene er i tråd med dei nye forpliktande utsleppsnivåa (BAT-AEL) seinast fire år etter at BAT- konklusjonane vart publiserte. BAT-konklusjonar for næringsmiddelindustri Food, Drink and Milk – Industries vart publiserte 4. desember 2019, og fristen for gjennomgang og oppdatering av vilkåra i utsleppsløyva var dermed 4. desember 2023.

Eit av hovudformåla med IED er, i tillegg til å beskytte det ytre miljøet gjennom å redusere forureining så langt som mogleg, å sikre like konkurransevilkår for europeisk industri. Det er gitt BAT-konklusjonar om mellom anna miljøstyringssystem, utsleppsmålingar, energieffektivitet, vassforbruk og utslepp til vatn, støy og lukt som gjeld alle sektorar.

BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon gjeld for verksemder som behandlar og bearbeider animalske og/eller vegetabiliske råstoff med sikte på framstilling av næringsmiddel eller

¹ Forureiningsforskrifta kapittel 36A



fôr, og som har produksjonskapasitet over ei gitt grense, jf. forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg I, punkt 6.4 b) og c).

Etter § 36-15 fjerde ledd kan det i særskilte tilfelle gjerast unntak frå § 36-15 første ledd. Statsforvaltaren fekk søknad om unntak frå BAT-AEL frå Hardanger Seafood AS 27. november 2025. Verksemda har søkt om inntak frå BAT-AEL i 5 år.

Verksemda si vurdering av kost-nytte

Verksemda har eit utsleppsløyve frå 2022. På det tidspunktet meinte dei at dei skulle klare BAT-AEL med den reinseteknologien som var tilgjengeleg på det tidspunktet. Vi ga krav om målingar frå produksjonen starta og sette BAT-AEL som utsleppsgrenser frå 4. desember 2023. Resultata frå målingane dei utførte i 2023 viste at verksemda ikkje klarer å møte utsleppsgrensene med den reinsløyvinga dei har per i dag.

Ut frå kva som per i dag er tilgjengeleg reinseteknologi meiner verksemda det må nyttast kjemisk felling med til dømes jernklorid eller aluminiumsklorid og bruk av polymer, for å oppnå BAT-AEL. I følgje verksemda er dette den metoden som per i dag er nærast til å tilfredsstille BAT-AEL. I samband med oppgradering av slakteriet har verksemda vore i kontakt med fleire leverandørar av reinseteknologi for lakseslakteri. Felles for desse er at dei ikkje har erfaring frå å installere kjemisk reinseteknologi, og at dei difor ikkje har vore i stand til å tilby teknologi som ville gjort anlegget i stand til å møte BAT-AEL-krava.

Dagens reinseløyving til verksemda er mekanisk reinsing som to-steps filtrering (porestorleik 600 µm og 200 µm). Ytterlegare reinsetrinn vil innebere store investeringar med tilhøyrande driftskostnader. Verksemda har valt å utsetje slike investeringar til ny teknologi er på plass for å oppnå BAT-AEL og for å ha sikre estimat på investerings -og driftskostnadene for nytt reinsetrinn og for handtering av slammet. I følgje søknaden kan kostnadene ligge på om lag 28 MNOK i investeringskostnader og 3,5 MNOK per år i driftskostnader. Verksemda er av den oppfatning at den samla miljøkostnaden av vidare reinsing vil kunne vere høgare enn miljøgevinsten. Verksemda argumenterer for at det vil vere urimeleg kostnadskrevjande og risikofylt å velgje eit nytt reinseanlegg basert på teknologi som ikkje er ferdig utvikla og kommersielt tilgjengeleg.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Statsforvaltaren endrar Hardanger Seafood AS sitt løyve for å sikre at vilkåra er i tråd med dagens krav. Vi vurderer også verksemda sine aktivitetar opp mot anna relevant regelverk.

Anlegget har ein produksjonskapasitet på meir enn 75 tonn ferdig produkt per døgn, og er difor omfatta av IED, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I pkt. 6.4. b. (i). Vidare er verksemda omfatta av BAT-konklusjonane for næringsmiddelindustri av 4. desember 2019 (Food, drink and milk).

I gjeldande BREF for næringsmiddelindustri, inkludert fiskeforedling/slakteri for oppdrettsfisk, er ein eigna kombinasjon av teknikkar oppført i kap. 17 - BAT 12 (a-m) gitt som dei beste tilgjengelege teknikkane for å redusere utslepp til vatn. Det er for BAT-konklusjonane for FDM sett utslippsgrenser for KOF, TSS, Tot-N og Tot-P i tråd med kva som er mogeleg å oppnå ved bruk av BAT i bransjen.

Utsleppsgrenser

Vi er kjende med at verksemda med dagens reinseløyvingar ikkje vil klare å oppnå utsleppskrava fastsette i BAT-konklusjonane. For å klare krava vil det vere naudsynt med store oppgraderingar av



reinselanlegget. Verksemda har per i dag ikkje bestemt framtidig reinseløysing for prosessavløpsvatn, så dette punktet vil vi komme tilbake til, når det blir aktuelt. Det er verksemda sitt ansvar å vurdere naudsynte og kostnadseffektive løysingar for si verksemd opp mot vedtekne BAT-konklusjonar, slik at BAT-AEL blir oppnådd.

I BAT-konklusjonane for næringsmiddelindustri er BAT-AEL oppgitt i eit intervall. Vi har fått føringar frå Miljødirektoratet på at vi i utgangspunktet skal fastsetje utsleppsgrenser som svarar til lågaste/strengaste nivå. Det er likevel berre aktuelt å setje dei strengaste grensene dersom dette vil gi ein stor positiv miljøeffekt, eller dersom verksemda kan oppnå dette utan betydelege tiltak eller kostnader. Det vil seie at dersom utsleppsnivået ligg innanfor BAT-AEL-intervallet, men verksemda ikkje klarer å oppnå det strengaste nivået, må de opplyse om kva nivå i intervallet de klarer å oppnå og grunngi dette. Vi kan då vurdere å gi eit oppfølgingskrav om å gjere greie for kva tiltak og kostnader som skal til for å oppnå lågaste verdi.

Vi ser at ei investerings- og driftskostnader ved å oppnå reinsing i tråd med BAT-AEL med estimerte kostnader på om lag 28 MNOK og 3,5 MNOK per år kan vere ein stor kostnad for verksemda og vil vere risikofylt med tanke på at reinseteknologien for denne typen utslepp ikkje er ferdig utvikla. Det kan difor vere på sin plass å innvilge eit mellombels unntak frå BAT-AEL, slik at verksemda har meir tid til å finne den optimale reinseløysinga for utsleppet. Vi vurderer at det ikkje er noko stor risiko for redusert eller irreversibel skade på resipienten ved å innvilge eit mellombels unntak frå BAT-AEL. For eit par år sidan vart utsleppspunktet flytta til eit meir upåverka området med betre straumtilhøve. Statsforvalteren vurderer at det likevel vil vere ein miljøfordel ved å reinse avløpsvatnet i tråd med BAT-AEL.

Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Statsforvaltaren har totalt sett vurdert at aktivitetane ved verksemda ikkje påverkar naturmangfaldet i nemneverdig grad, og at det er lite sannsynleg at endring av løyvet vil føre til ytterlegare skade på naturmangfaldet, jf. § 8 som gjeld kunnskapsgrunnlaget.

Hardanger Seafood AS si verksemd er eit eksisterande anlegg som er lokalisert til eit område som er regulert til industri, og som alt er påverka av menneskeleg aktivitet og inngrep. Det er difor lite sannsynleg at endring av løyvet vil føre til ytterlegare skade på naturmangfaldet. I tillegg vil ein revisjon av løyvet for å oppfylle BAT-AEL innebere ei skjerpning av krava til utsleppet frå verksemda, og dette vil føre til mindre belastning for naturmangfaldet.

Det er difor ikkje gjort nye vurderingar etter §§ 9-12. Vi syner elles til vurderingar som er gjort av naturmangfaldet og vassforskrifta i vedtaket om løyve datert 6. oktober 2022.

Statsforvaltaren legg vekt på at stoffa i utsleppet til verksemda er biologisk nedbrytbare, og eventuelle effektar i resipienten i ein avgrensa periode vil vere reversibel. Resipientgransking ved anlegget indikerer at verksemda sine utslepp til no, ikkje har påverka resipientane i nemneverdig grad, eller ført til dårlegare miljøtilstand.

Vurdering av unntak frå BAT-AEL

Prosessavløpsvatnet frå fiske-slakteri er spesielt ved at det inneheld blod frå bløgging og utbløding, at det kan innehalde mykje sjøvatn (relativt høg saltkonsentrasjon), at temperaturen er låg, ofte 0-4 °C og at tilførsla av prosessavløpsvatn varierar. Dette er faktorar som mellom anna kan gjere det vanskeleg å få til biologisk reinsing med tradisjonelle metodar som aktivt slam-prosess eller MBBR-anlegg.



Ut frå kva som per i dag er tilgjengeleg reinseteknologi meiner verksemda det må nyttast kjemisk felling med t.d. jernklorid eller aluminiumklorid og bruk av polymer. I følge verksemda er dette den metoden som per i dag er nærast til å tilfredsstille BAT-AEL. I samband med oppgradering av slakteriet har verksemda vore i kontakt med fleire leverandørar av reinseteknologi for lakseslakteri. Felles for desse er at dei ikkje har erfaring frå å installere kjemisk reinseteknologi, og at dei difor ikkje har vore i stand til å tilby teknologi som ville gjort anlegget i stand til å møte BAT-AEL-krava.

Aktuelle reinsetiltak vil kunne vere:

- Grovsil
- Utjamningstank/buffertank
- Flokkulering (pH-justering, tilsats av jernkorid og polymer)
- Flotasjon (mikrobobler)
- Utskiljing av slam (5-8 % tørrstoff)
- Avvatning av slam, tilsats av ny polymer (tørrstoff 25-28 % tørrstoff)
- Desinfisering av prosessavløpsvatnet (vanleg prosedyre)

Det vert no jobba på fleire hald i denne sektoren innan fiskeforedlingsindustrien med å utvikle reinseteknikkar å få på plass eigna reinseløysingar for denne typen utslepp. Ut frå det vi har kjennskap til, ser det per i dag ikkje ut til at det finst teknologi som klarer å reinse denne typen prosessavløpsvatn ned til BAT-AEL-nivå. Fleire verksemdar har inngått samarbeid med leverandørar av reinseteknologi, og ulike reinsemetodar er under utprøving.

Etter vår vurdering vil mellombels lempelegare utsleppsgrenser ikkje føre til irreversibel skade eller fare for redusert tilstand i vassførekomsten. Vi meiner at vilkåra for å gi tidsavgrensa unntak frå BAT-AEL er til stades, både ut frå tekniske tilhøve knytte til manglande/ikkje optimale reinseløysingar og lokale miljøtilhøve. Verksemda treng meir tid for å teste ny teknologi og å installere og optimalisere nye reinseløysningar for å klare utsleppsgrensene til BAT-AEL.

For å oppretthalde like konkurransetilhøve i bransjen, i tråd med føremålet til direktivet, og i samsvar med praksis om å vurdere unntak i fire år, vert det innvilga unntak fram til 31.12.2029. Dette er også i tråd med tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet av 22. mai 2025 om unntak for Hardanger Seafood AS. Basert på opplysningar frå Statsforvaltaren er Miljødirektoratet av den oppfatning av at tekniske tilhøve og lokale miljøtilhøve kan gi grunnlag for å gi mellombels unntak etter unntaksregelen i forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd.

Vidare drift frå 31.12.2029 skal stette BAT-AEL. Grenseverdier som gjeld for unntaksperioden, er gitt i vilkår 3 i tabell 3 -1 løyvet. Grenseverdier som gjeld frå og med 31.12.2029 er gitt i løyvet i vilkår 3 i tabell 3- 2.

Dersom verksemda har behov for ytterlegare unntak etter 31.12.2029, og framleis oppfyller vilkåra i forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd, må de søkje om fornya unntak. Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før unntaksperioden går ut, seinast innan seks månader før utløpsdatoen. Verksemda skal ved eit eventuelt avslag på søknad om nytt unntak, halde grenseverdiane frå fristen fastsett i dette løyvet.

Dei mellombelse grenseverdiane for unntaksperioden er fastsette ut frå rapporterte utsleppsdata frå eigenkontrollrapporteringa til verksemda.



Grunngjeving for endra vilkår og krav

Forureiningsforskrifta kapittel 36A om generelle krav til verksemder som forureinar vart vedteken 1. januar 2025. Einskilde vilkår som er gitt i løyve frå 2022 vil vere tilstrekkeleg regulerte i denne forskrifta og er difor tekne ut i det nye endra løyvet.

Rammevilkår (vilkår 1)

Ramma gjeld utslepp av prosessavløpsvatn for ein årleg produksjon av inntil 54 000 tonn råstoff frå aktivitetane ved anlegget. Løyvet fastset eit maksimalt årleg utslepp av prosessavløpsvatn på 120 000 m³.

Utslepp til vatn (vilkår 3.1 og 3.3.)

Vilkåra er endra med ny tekst og nye utsleppsgrensar, som er i tråd med BAT-AEL og BAT - konklusjonane.

For å regulere det totale utsleppet frå verksemda, og samstundes sikre at prosessavløpsvatn ikkje blir fortynna for å halde konsentrasjonsgrensene, har vi sett ei ramme for tillaten årleg utsleppsmengd frå anlegget.

I tillegg til grenseverdier basert på BAT-AEL set vi normalt andre grenser, m.a. mengdegrensar midla over periodar som døgn, månad eller år som sikrar regulering av det totale utsleppet frå ei verksemd. Desse grensene vil då gjelde uansett, også ved "ikkje-normale" driftstilhøve. Utsleppa frå ein "ikkje-normal" periode der grensar fastsette i tråd med BAT-AEL ikkje gjeld, jf. over, må reknast med i den årlege rapporteringa etter langtidsgrensa. Verksemda må difor kvantifisere og rapportere utsleppa også ved "ikkje-normale" driftstilhøve.

Vi har sett krav om måling av prosessavløpsvatnet. Verksemda skal ta ut prøvar minst ein gong per månad, jf. vilkår 3.1.1 og BAT 4.

Ramma gjeld utslepp av prosessavløpsvatn, og omfattar ikkje sanitært avløpsvatn, utandørs avløpsvatn, eller anna vassforbruk som ikkje er knytt til produksjonsprosessane eller som har vore i kontakt med prosessutstyr, råstoff, eller avfall. Dette vilkåret er i tråd med BAT-konklusjonane for bransjen, der reduksjon av vassforbruk og utsleppsmengd er ein sentral del.

Med prosessavløpsvatn meiner vi spylevatn, reingjeringsvatn, transportvatn, blodvatn, slaktevatn eller vatn som har vore i direkte kontakt med råstoff, produkt eller avfall, eller som er tilført forureinande komponentar frå andre kjelder.

Måleprogram (vilkår 11.4)

Prøvetakingsfrekvens skal oppdaterast i tråd med BAT 4 og BREF for FDM.

Miljøovervaking (vilkår 12.1 og 12.2)

Verksemda skal overvake og gjere greie for korleis utslepp frå verksemda påverkar den økologiske og kjemiske tilstanden til resipienten. Undersøkingane skal gjennomførast kvart 4 år. Utkast til program skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan 01.12.2026.

Dersom Statsforvaltaren, vassregionstyresmakta eller kommunen ønskjer å vurdere kva effekt utsleppet har på vass- og sedimentkvalitet i resipienten, pliktar verksemda å bidra økonomisk til overvakinga ut frå storleiken på prosessutsleppet. Krava i vassforskrifta gjer at det er naudsynt med



granskinger og tiltak i vassførekomstane i Norge, og det er venta at verksemdene som har utslepp skal bidra inn i dette.

Statsforvaltaren kan også pålegge verksemda å syte for overvaking av grunn og grunnvatn.

Tiltaksplan for unntaksperioden (vilkår 14.1)

Det er sett vilkår om at verksemda skal utarbeide ein tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden for å etablere tilstrekkelege reinseløysingar for å oppnå krava til BAT-AEL. Dette kravet er sett for at Statsforvaltaren skal kunne følgje verksemda tett opp i unntaksperioden.

Revidert program for utsleppskontroll (vilkår 14.2)

Programmet for utsleppskontroll må reviderast i tråd med krava i dette løyve. Frist for å utarbeide tiltaksplanen er 01.12.2026.

Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn (vilkår 14.3)

Krav til utarbeiding av tilstandsrapport om mogeleg forureining av grunn og grunnvatn følgjer også av IED, og er teke inn i norsk rett i forureiningsforskrifta § 36-21. Statsforvaltaren har vidareført kravet og sett ny frist for å vurdere forureiningstilstanden, da vi ikkje kan sjå at dette er gjort.

Utgreiing om korrelasjon mellom KOF og TOC (vilkår 14.4)

BAT-konklusjonane opnar for at BAT-AEL for KOF kan erstattast med ein grenseverdi for TOC. Dette føreset at det finst ein korrelasjon mellom KOF og TOC ved det aktuelle anlegget.

BAT-konklusjonane opplyser at TOC er å føretrekke som analyseparameter fordi det ved analyse av KOF blir nytta giftig kaliumdikromat. Sidan verksemda nyttar til dels store mengder sjøvatn i produksjonsprosessane, er det i tillegg knytt utfordringar til å nytte KOF-metoden fordi han er sensitiv overfor klorid-ionar.

For å få til ein erstatning av grenseverdien for KOF med tilsvarande grenseverdi for TOC, set vi målekrav for TOC i løyvet, og krav om at de skal greie ut korrelasjonen mellom parametrane, jf. vilkår 14.4 i løyvet.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at forureininga frå produksjonen ved Hardanger Seafood AS vil vere akseptabel, sett i lys av føremåla og retningslinene i forureiningslova §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningssituasjonen i området og opplysningane om produksjonstilhøve, utslepp og anna miljøverknad ved verksemda som ligg føre i informasjonen vi har fått tilsendt, samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gir vi endra løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår. Verksemda får samstundes unntak frå BAT-AEL, jf. forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd i fire år.

Klagerett

Hardanger Seafood AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ei eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å få endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.



Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Ein eventuell klage på vedtaket om gebyrsats vil ikkje få oppsettjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert teken til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Sissel Storebø
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Hardanger Seashore AS - løyve etter forureiningslova til utslepp frå fiskeforedling

Kopi: Bømlo kommune



Løyve til verksemd etter forureiningslova – Hardanger Seafood AS

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra med heimel i § 18, fjerde ledd. Løyvet er endra på grunnlag av opplysningar som har kome fram i søknad om unntak får BAT-AEL og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 5 til og med side 20. Dette løyvet erstattar tidlegare løyve av 6. oktober 2022.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftstilhøve som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med kva som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Bedrift	Hardanger Seafood AS
Postadresse for bedrifta	5443 Bømlo
Stad/gateadresse	Hovlandsvegen 270
Kommune og fylke	Bømlo kommune, Vestland fylke
Org. nummer	826167572 (ansvarleg eining) / 976 173 074 (verksemd)
Lokalisering av anlegg	UTM sone: 32, aust: 6614260, nord: 288206
Gards- og bruksnummer	53/85
Næringskode / Type verksemd og bransje	10.202 Slakting av fisk, skalldyr og bløtdyr
Kategori for verksemda ¹	<i>6.4.b (i) Behandling og bearbeiding med sikte på framstilling av næringsmiddel av animalske råstoff (bortsett frå mjølk) med ein kapasitet til produksjon av ferdige produkt på over 75 tonn per døgn.</i>

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer: 2022.0784.T	Anleggsnummer: 4613.0127.01	
Løyve første gang gitt: 05.10.2022	Løyve sist revidert med heimel i fl. § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra: 21.05.2026
Lars Martin Færseth seksjonsleiar	Sissel Storebø spesialrådgjevar	

¹ Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova – vedlegg 1

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar
1	21.05.2026	Heile dokumentet	Teke bort teksten til dei generelle vilkåra som var gitt i løyve, og vist til forureiningsforskrifta kapittel 36A, som er gjeldande for IED-verksemder frå 01.01.2025.
		2.1	Endra punktet med ny tekst.
		3.1	Endra heile punktet med nye krav til utslepp.
		3.3	Endra punktet med ny tekst.
		11.4	Nytt krav til prøvetakingsfrekvens
		12.1	Endra punkt til overvaking etter vassforskrifta
		12.2	Nytt punkt om overvaking av grunn og grunnvatn
		14	Endra punkt 14 om krav til undersøking og utgreiing
		Vedlegg 1	Teke bort vedlegg 1, liste over prioriterte miljøgifter



Innhald

1	Rammevilkår	5
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	5
2.4	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt	5
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	6
2.7	Internkontroll.....	6
3	Utslepp til vatn	6
3.1	Utsleppsavgrensingar	6
3.2	Diffuse utslepp	7
3.3	Utsleppsreduserande tiltak	7
3.4	Utsleppspunkt for prosessavløp	7
3.5	Kjølevatn.....	8
3.6	Sanitæravløpsvatn.....	8
3.7	Mudring.....	8
4	Utslepp til luft.....	8
5	Grunnforureining og forureina sediment.....	9
6	Kjemikal	10
7	Støy.....	10
8	Energi	11
8.1	Energileiing	11
8.2	Utnytting av overskotsenergi.....	11
8.3	Spesifikt energiforbruk	11
9	Avfall.....	11
9.1	Generelle krav	11
9.2	Handtering av avfall.....	12
10	Deponi for eige avfall	12
11	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren	12
11.1	Kartlegging av utslepp	12
11.2	Måling og kontroll av utslepp	12
11.3	Kvalitetssikring av målingane	13
11.4	Program for utsleppskontroll (måleprogram)	13
11.5	Rapportering til Statsforvaltaren	14



12	Miljøovervaking.....	14
12.1	Overvaking etter vassforskrifta	14
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining.....	15
13.1	Miljørisikoanalyse	15
13.2	Førebyggjande tiltak	15
13.3	Beredskap	15
13.3.1	<i>Beredskapsanalyse</i>	15
13.3.2	<i>Etablering av beredskap</i>	15
13.3.3	<i>Beredskapsplan</i>	16
13.3.4	<i>Øving av beredskap</i>	16
13.4	Varsling av akutt forureining.....	16
14	Undersøkingar og utgreiingar	16
14.1	Undersøking av vassførekomst	16
14.2	Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn	16
15	Eigarskifte, omdanning mv	17
16	Nedlegging.....	17
17	Tilsyn	17



1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå slakting av laks og aure. Løyvet gjeld for ein produksjon av inntil 54 000 tonn slakta oppdrettsfisk per år og med eit vassforbruk på 120 000 m³ per år.

Verksemda har ein produksjonskapasitet på meir enn 75 tonn/døgn og er omfatta av EU sitt utsleppsdirektiv for industri (IED) med tilhøyrande BAT-konklusjonar og bindande utsleppsgrenser for næringsmiddelindustri.

Ved vesentlege endringar (meir enn 10 % samanlikna med produksjonsvolumet det er søkt om) skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2 Generelle vilkår

Generelle vilkår til verksemda følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppa frå verksemda som blir rekna for å ha mest å seie for det ytre miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp har kome fram i samband med sakshandsaminga eller må sjåast på å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 17.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.



2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillende prinsippet om bruk av beste tilgjengelige teknikk for å motvirke forureinende utslepp og annen negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Det nye utstyret skal vere i samsvar med relevante BAT-konklusjonar for verksemda, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må verksemda søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er naudsynte for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om naudsynt må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om tilhøve som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.4.

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr.1127
Løyve nr. 2022.0784.T
Løyve gitt: 05.10.2022, endra 21.05.2026



3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

Det skal etablerast interne rutinar og utførast tiltak for å optimalisere bruken av vatn slik at mengda prosessavløpsvatn vert mest mogleg redusert. Tiltaka skal samsvare med BAT så langt det er teknisk og økonomisk mogleg.

I tabellane under er det gitt grenseverdiar for utslepp av prosessavløpsvatn. For desse utsleppa set vi krav om måling. Prøvetaking skal som minimum skje en gong per måned³.

Konsentrasjongrensene gjeld for uforytna avløpsvatn frå alle prosessane ved verksemda.

Tabell 3-1 Grenseverdiar for utslepp av parametrar med krav om målingar.

Gjeld frå løyvedato og fram til og med 31.12.2029.

Kjelde	Parameter	Mengd per døgn (kg)		Konsentrasjongrense (mg/l)	
		(midlingstid: år)		(midlingstid: døgn)	
Prosessavløpsvatn	Total - fosfor (TP)	4	kg/d	7	mg/l
Prosessavløpsvatn	Total - nitrogen (TN)	32	kg/d	60	mg/l
Prosessavløpsvatn	Biologisk oksygenforbruk (BOF ₅)	290	kg/d	520	mg/l
Prosessavløpsvatn	Suspendert stoff (TSS)	220	kg/d	400	mg/l
Prosessavløpsvatn	Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	660	kg/d	1210	mg/l
Prosessavløpsvatn	Totalt organisk karbon (TOC)		kg/d	Målekrav	mg/l
Prosessavløpsvatn	Temperatur*		Grader/°C	Målekrav	Grader/°C
Prosessavløpsvatn	Vassmengd**			120 000	m ³ /år

*Temperatur og vassforbruk skal registrerast i samband med uttak av prøver

**Vassforbruket skal målast kontinuerleg

³ BREF for FMD punkt 17.1.2 Monitoring
Løyve nr. 2022.0784.T
Løyve gitt: 05.10.2022, endra 21.05.2026



Tabell 3-2 Grenseverdier for utslepp av parametrar med krav om målingar.

Gjeld frå og med 31.12.2029.

Kjelde	Parameter	Mengd per døgn (kg) (midlingstid: år)		Konsentrasjonsgrense (midlingstid: døgn)	
Prosessavløpsvatn	Total - fosfor (TP)	0,1	kg/d	0,2	mg/l
Prosessavløpsvatn	Total – nitrogen (TN)	1,1	kg/d	2	mg/l
Prosessavløpsvatn	Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	14	kg/d	25	mg/l
Prosessavløpsvatn	Suspendert stoff (TSS)	2,2	kg/d	4	mg/l
Prosessavløpsvatn	Biologisk oksygenforbruk (BOF ₅)	Målekrav		Målekrav	mg/l
Prosessavløpsvatn	Totalt organisk karbon (TOC)	Målekrav		Målekrav	mg/l
Prosessavløpsvatn	Temperatur*	Målekrav		Målekrav	Grader/°C
Prosessavløpsvatn	Vassmengd**			120 000	m ³ /år

*Temperatur (både ferskvatn og sjøvatn) skal registrerast i samband med uttak av prøver.

**Vassforbruk skal målast kontinuerleg

Utrekningar av årsgjennomsnittet skal vere basert på tal døgn ved drift av anlegget.

1) Grenseverdiane gjeld under normale driftstilhøve. Opp- og nedkøyring, lekkasjar, funksjonsfeil på anlegget, naudsynt vedlikehald, brå driftsstans og liknande vert ikkje rekna som normale driftstilhøve, dette under føresetnad om at pliktene til å redusere forureining så langt som mogleg, førebyggjande vedlikehald (forureiningsforskrifta kap. 36A) og tiltaksplikt, jf. forureiningslova § 7, er haldne.

2) Utsleppsgrensene er fastsette i tråd med BAT-AEL for direkte utslepp til vatn gitt i vedtekne BAT-konklusjonar for næringsmiddelproduksjon (FDM). Statsforvaltaren vil på bakgrunn av ny kunnskap kunne fastsetje meir presise og eventuelt også strengare grenser eller krav om målingar.

3.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak

Reduksjon av vassforbruk og utslepp av prosessavløpsvatn

For å redusere vassforbruket og med det volumet av prosessavløpsvatn verksemda slepper ut, skal den driftsansvarlege nytte ein passende kombinasjon av teknikkane som er lista opp under BAT 7 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).



Effektiv utnytting av ressursar

For å auke graden av utnytting av ressursar, skal den driftsansvarlege nytte ein eller ein kombinasjon av teknikkane som er lista opp under BAT 10 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Reduksjon av utslepp til vatn

For å redusere utslepp til vatn frå produksjonsprosessane, skal den driftsansvarlege nytte ein passende kombinasjon av teknikkane gitt i BAT 12 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda skal stille krav til fartøy som legg til ved verksemda sitt kaianlegg om at dei ikkje skal ha direkte utslepp av organisk forureining til sjø når dei kjem, ved lossing og når dei drar frå verksemda sitt kaianlegg.

3.4 Utsleppspunkt for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Bømlafjorden minst 300 m frå land og til 120 m djupne. Avstanden frå land skal reknast som horisontal avstand frå strandkanten ved middelasstand.

Utsleppet skal gå føre seg på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sitt sjøområde, krev løyve av den kommunen der tiltaket skal setjast i verk, jf. hamne- og farvasslova⁴.

Dersom den driftsansvarlege ønsker å endre utsleppspunktet, må det søkast om løyve til dette.

3.5 Kjølevatn

Kjølevatnet skal førast ut i på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg. Utsleppet skal ikkje føre til vesentlege temperaturendringar i resipienten.

Bruk av groehindrande middel i kjølevatn med utslepp til sjø er ikkje tillate.

3.6 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

3.7 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere naudsynt med mudring, skal verksemda innhente naudsynt løyve frå forureiningsstyresmaktene.

⁴ Jf. lov om havner og farvann av 21.06.2019 nr. 70 § 14
Løyve nr. 2022.0784.T
Løyve gitt: 05.10.2022, endra 21.05.2026



4 Utslepp til luft

4.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at eventuelle luktulemper for omgivnadene blir avgrensa mest mogleg.

Diffuse utslepp av lukt frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Lukt skal vere ein viktig styringsparameter for aktivitetane til verksemda.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggjande bustader og fritidsbustader skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 3019/2013. *Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.3 Førebyggande tiltak og driftsplan

Med bakgrunn i luktrisikovurderinga skal verksemda setje i verk luktreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein driftsplan som sikrar at luktulemper ved verksemda vert avgrensa. Planen skal vere i tråd med tilrådingane gitt i vedlegg 4 til Miljødirektoratet sin rettleiar. Ved modifikasjonar og endra driftstilhøve skal driftsplanen oppdaterast.

Verksemda skal føre ein driftslogg for å dokumentere at driftsplanen vert følgd.

4.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klager

Verksemda skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar. Verksemda skal informere Statsforvaltaren og naboar når det vert planlagt aktivitetar som mellombels kan føre til auka luktbelastning. Det same gjeld ved svikt i utstyr eller liknande som kan føre til auka luktbelastning.

Verksemda skal ha eit system for handtering av innkomne klager som gjeld lukt og som kan knytast til tid og stad. Verksemda skal då vurdere klagen opp mot driftsplanen og andre relevante tilhøve. Eventuelt gjennomførte tiltak skal omtalast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboane og rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar med vilkår 11.5.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Generelle krav knytte til forureina grunn, grunnvatn og sediment følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.



Graving i forureina grunn på verksemda sitt område krev løyve etter forureiningslova § 11.

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller som skal hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like etter ein fast plan. Denne plikta gjeld tiltak som er rimelege ut frå dei skadane og ulempene som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuelle forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining av forureining og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er naudsynt å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrengingrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁵, og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22⁶.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal de vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining grunna relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller sleppte ut ved verksemda, og de skal setje i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltaka skal sendast Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan setje ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå også vilkår 16.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere vaske- og desinfeksjonsmiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal kontinuerleg vurdere fare for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om det finst alternativ. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁷

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Krav til system for substitusjon av kjemikal følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-8 og produktkontrolllova.



7 Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Alternativ	Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Laurdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdager (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) L_{AFmax}
A	55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vegd gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T viser til midlingstida i timer.
 L_{AFmax} , som er gjennomsnittlig A-vegd maksimalnivå for de 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som blir etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Verksemnda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå aktivitetane, inkludert intern transport på verksemnda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemnda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

Krav til energileiing og utnytting av overskotsenergi følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

8.1 Energileiing

Verksemnda skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 31.12.2026.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemnda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemnda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemnda skal berekne spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5 og



forureiningsforskrifta § 36A-18.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av dei ulike aktivitetane. Verksemnda pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med reglane for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova⁹.

For materiale som blir utnytta som biprodukt t.d. restråstoff, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i samband med verksemnda sine aktivitetar, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei minst like god miljøløysing.

9.2 Handtering av avfall

Generelle krav til handtering følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36A.

All handtering av avfall skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader og skal elles handterast i samsvar med kapittel 11 i avfallsforskrifta⁹.

I tillegg gjeld følgjande:

- a) All handtering av avfall skal vere basert på risikovurdering, jf. vilkår 2.7 om internkontroll og vilkår 13 om beredskap.
- b) Verksemnda skal ha kart som viser kvar ulike typar av avfall vert lagra.
- c) Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgjenge. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra.
- d) Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at det blir danna farlege stoff, skal lagrast med naudsynt avstand.
- e) Alt farleg avfall, uavhengig av mengd, skal lagrast innandørs og på tett dekke⁵.

⁵ Tett dekke tyder eit fast, slitesterkt dekke som er ugjenomtrengelig for dei aktuelle materiala/avfallstypene
Løyve nr. 2022.0784.T
Løyve gitt: 05.10.2022, endra 21.05.2026



For visse typar tanklagring av avfall og kjemikal gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.⁶

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda plikter å kartleggje alle utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp og uavhengig av om det er sett utsleppsgrenser eller ikkje.

Kartlegginga skal ligge til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (måleprogram) (vilkår 11.4).

Verksemda skal også kartleggje støy frå aktivitetane, jf. punkt 7.

11.2 Måling og kontroll av utslepp

Krav til utsleppskontroll, kvalitetssikring og til program for utsleppskontroll følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Dette omfattar måling av volum/mengd, prøvetaking, analysar og berekningar.

Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og skal omfatte:

- komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i løyvet, jf. tabell 3.1 og tabell 3.2 under punkt 3.1 og 3.2, dvs. kjemisk oksygenforbruk (KOF), suspendert stoff (TSS), totalt nitrogen (TN) og totalt fosfor (TP)
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljøverknad og som difor er omfatta av rapporteringsplikta, dvs. feitt, pH og vassforbruk
- andre komponentar der det følgjer av BAT-konklusjonane at det skal utførast målingar, dvs. biokjemisk oksygenforbruk (BOF₅)

Verksemda skal vurdere kva feilkjelder som er knytte til dei ulike trinna i målingane og velje løysingar som reduserer den totale måleusikkerheita til eit akseptabelt nivå. Alle målingar skal utførast etter ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

Verksemda skal årleg gjere ei fagleg grunnleggjande vurdering av utsleppa og rapportere dette i samsvar

⁶ Sjå mellom anna avfallsforskrifta av 1.6.2004 nr. 930 og kapittel 18 i forureiningsforskrifta av 1.6.2004 nr. 931.



med punkt 11.5.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- syte for at målingane vert utførte etter Norsk Standard. Dersom slik standard ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn talar for det. Verksemda må i tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volum-/mengdemåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- delta i samanliknande laboratorieprøvingar (SLP) og/eller jamleg verifisere analysar med eit eksternt, akkreditert laboratorium dersom verksemda sjølv utfører analysane.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg kontrollere og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll (måleprogram)

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll (måleprogram) som inngår i den dokumenterte internkontrollen.

Prøvetakingsfrekvens skal oppdaterast i tråd med BAT 4 og BREF for FDM. Verksemda skal vurdere om prøvetakinga er god nok til å gje eit representativt bilete av utsleppet. Utslepp av KOF, TN, TOC, TSS og TP skal som utgangspunkt overvakast som mengdeproporsjonale samleprøvar over eit produksjonsdøgn. Dersom utsleppsverdiane er tilstrekkeleg dokumenterte og stabile kan målefrekvensen justerast. Prøvetaking skal som minimum skje en gong per måned.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (vilkår 11.1) gjennomføringa av utsleppskontrollen (vilkår 11.2) og kvalitetssikring av målingane (vilkår 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing om dei faktiske utsleppa verksemda har til luft og vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (måling av volum/mengd – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av kva måleutstyr som blir brukt til målingar og frekvensar for kontroll og kalibrering av utstyret
- ei grunngeving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- dersom det er aktuelt, ei grunngeving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analysar med eit akkreditert laboratorium



- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna i målingane gir

Måleprogrammet skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Krav til rapportering til Statsforvaltaren følger av forureiningsforskrifta § 36A-18.

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik frå løyvet for året før til Statsforvaltaren via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapporteringa skal utførast i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemdene si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

For utslepp av stoff der utsleppsavgrensingane i punkt 3.1 ikkje er fastsette med presise grenseverdier, vil Statsforvaltaren ved gjennomgang av eigenkontrollrapportane vurdere behovet for å fastsetje meir presise, og eventuelt strengare, grenser.

Verksemda skal kvart år rapportere mengd blodvatn frå bløggebåtar som er motteke og behandla ved anlegget.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking etter vassforskrifta

Verksemda skal overvake og gjere greie for korleis utslepp frå verksemda påverkar den økologiske og kjemiske tilstanden til resipienten, inkludert eventuelle verknader frå tidlegare utslepp. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene for tiltaksorientert overvaking i vassforskrifta.

Verksemda skal i samarbeid med naudsynt fagekspertise utarbeide eit overvakingsprogram og gjere greie for kva element som vil bli undersøkt. Programmet skal grunnkje val av prøvetakingspunkt, frekvens og undersøking i ulike medium (til dømes biota og sediment). Utkast til program skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan 01.12.2026.

Overvakinga skal gjennomførast av uavhengig fagekspertise i tråd med godkjent program. Dersom det er føremålstenleg kan sjølve prøvetakinga gjennomførast av den driftsansvarlege i samråd med fagekspertisen. Undersøkingane skal gjennomførast kvart 4 år. Ved endringar i utslepp eller i tilstanden i vassførekomsten kan frekvensen bli justert.

Resultata frå overvakinga skal sendast Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Dei skal presenterast i ein rapport som vurderer i kva grad det er sannsynleg at verksemda påverkar vassførekomsten.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført ved bruk av Vannmiljø sitt importformat. Mal for import og oversikt over kva informasjon som skal rapporterast etter kodeverket i Vannmiljø, finst på Miljødirektoratet si nettside om vassmiljøkodar. Verksemda kan også bli pålagt å koste ein del av eit regionalt overvakingsprogram i regi av Statsforvaltaren for sjøområdet der anlegget har utsleppet sitt, jf. forureiningslova § 51.

Der det går føre seg overvaking i regi av Statsforvaltaren eller vassregionstyresmakt, skal verksemda,



så langt det er mogleg, bidra i felles overvåkingsprogram med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av utsleppet frå verksemda.

12.2 Overvaking av grunn og grunnvatn

Verksemda har ikkje krav om overvaking av grunn og grunnvatn.

Dersom det gjennom innsend dokumentasjon, jf. vilkår 14.3 blir kjent at det vert brukt relevante stoff og stoffblandingar eller at det er historisk forureining i grunnen, kan Statsforvaltaren pålegge verksemda å syte for overvaking av grunn og grunnvatn. Det same vil også gjelde dersom verksemda tek i bruk relevante stoff og stoffblandingar som kan forureine grunn og grunnvatn.

Verksemda må i så tilfelle informere Statsforvaltaren om dette. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap kunne fastsetje krav om overvaking.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

Krav til miljørisikoanalyse, risikoreduserande tiltak og beredskap mot akutt forureining følgjer av forureiningsforskrifta §§ 36A-19 til 36A-21.

13.1 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift. Verksemda skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no ved slike høve.

14 Undersøkingar og utgreiningar

14.1 Tidfesta tiltaksplan

Den driftsansvarlege skal utarbeide ein tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden med mål om å etablere tilstrekkeleg reinseløysing for å oppnå krava til BAT-AEL innan fristen. Planen skal mellom anna innehalde tiltak med fristar, oppfølging og ansvarleg for kvart tiltak. Frist for å utarbeide tiltaksplanen er 01.12.2026.

Den driftsansvarlege skal kvart år saman med årsrapporten rapportere framdrift for dette til Statsforvaltaren, jf. punkt 10.2 om rapportering.

14.2 Utarbeide eller revidere program for utsleppskontroll

Den driftsansvarlege skal utarbeide/revidere måleprogram for kontroll med utslepp av rapporteringspliktige stoff/parametrar innan 01.06.2026.

14.3 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Den driftsansvarlege skal vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016 Tilstandsrapport for industriområder, jf. forureiningsforskrifta § 36-21.

Der det verken har vore eller vil kunne førekome grunnforureining på verksemda sitt område, skal den driftsansvarlege sende inn rapport frå dei innleiande undersøkingane (trinn 1-3 i rettleiaren).



Rapporten skal sendast til Statsforvaltaren innan 31.12.2026.

Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne rapporten finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil den driftsansvarlege bli pålagt å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016.

14.4 Utgreiing av korresponderande verdiar KOF-TOC

Verksemda skal greie ut om det er mogleg å erstatte grenseverdien for KOF i vilkår 3.1. med ei utsleppsgrense for TOC. Utgreiinga skal kunne gjere greie for:

- korrelasjonen mellom KOF og TOC i utsleppet frå verksemda sin produksjon
- ei vurdering av om grenseverdien for KOF kan erstattast med ein grenseverdi for TOC, inkludert framlegg til eventuell grenseverdi for TOC.

Utgreiinga om korresponderande verdiar KOF – TOC skal vere utarbeid innan 01.03.2027 og seinast sendast Statsforvalteren saman med eigenkontrollrapporteringa for 2027.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Krav ved eigarskifte, omdanning mv. følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-22.

16 Nedlegging

Krav ved nedlegging og driftsstans følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-23.

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er naudsynt for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller aktivitetane kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹². Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte og innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand.

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal den ansvarlege melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.



17 Tilsyn

Verksemda pliktar å til ei kvar tid la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn.